

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 18.09.18

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre. 1.vara: Sigurd Totland.

Sak 66 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 21.08.18.

Innkalling og møtebok godkjend, med tillegg av saker som vart lagt til (sak 73, 74, og 75)

Sak 67 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- Utbetring av inngangsparti: AU informerte om at ein tilrår sal av skiferhellene.
- Evaluering: Innsamling av boss 26.08, etter gudstenesta: 25 personar plukka etter gudstenesta. Mange ruter vart dekkja. I tillegg vart det plukka rundt Austnes, Grunnavåg og i området rundt Gamlekyrkja. Temaet vart godt handsama i preika. Det bør informerast i avisa på førehand neste gong. Ein bør også vurdere eldre trusopplæringsborn som målgrup ved seinare høve.
- Medarbeidarfest: Forslag om endring av dato og endring samansetjing av komité. Alternativ dato kan vere i tidsrommet januar/februar. Aksel erstattar Elin. Inger Marie går ut og vert erstatta av Gunnvald. Rune vert med vidare.
- Temakveldar – evaluering av sist kveld: Det var 29 frammøtte. Den praktiske tilrettelegginga vart gjort på ein svært god måte. Fordeling av oppgåver vart gjort til dei to neste temakveldane.
- Forbønsgudsteneste: Går ut.

Sak 68 – 2018 Samrådsmøte Håvik bedehus 16.oktober.

Inger Marie, Aksel og Rune/Mona møter.

Saker å ta opp: Preikeliste, og ta med det som kom opp på inspirasjonsdagen.

Sak 69 – 2018 Offerlista 2019.

Aksel, Inger Marie og Rune er i komiteen. Same retningslinjer som før: 60 prosent til kyrkjelyden, og 40 prosent til eksterne organisasjonar. Lista skal gjerast ferdig til SR-møte i november.

Sak 70 -2018 Avskjed med sokneprest Roald Drønen i Lykling 23.09.

Det er konfirmantpresentasjon i Moster denne søndagen. Rune, Gunnvald og Aksel representerer soknerådet i Lykling kyrkje, og vil takke på vegne av soknerådet, og overrekkje han ei bok under kyrkjekaffien.

Sak 71 – 2018 Liste over inventaret i Moster kyrkje.

I tilfelle brann er me bedne om å laga ei redningsliste for verdifullt inventar i kyrkja til brannvesenet. Aksel tek ansvar for å spørje nokon som kan utarbeide redningslista. Soknerådet har forslag på personar.

Sak 72 – 2018 Referat og meldingar

- Innkjøp av mikrofonar med meir: Mikrofonane er på plass. Prisen vart

11500 kr

- Bønesamlingar før gudstenestene: Fungerer godt.
- Status godkjenning av preikestolsklede: Ventar framleis på skriftleg svar frå bispekontoret.
- **Kyrkjelydsseminar 22.09.** Alt er i rute.
- Prostdag 25.oktober: Elin tek ansvar for å melde på deltakarar.
- Orgelkomité – referat frå fellesrådet: Mona orienterte.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre:
 - Det vert sannsynlegvis arrangert kyrkjelydstur til Estland i juli 2019. (for alle sokneråda i kommunen.) Viktig å vere tidleg ute og orientere om turen.
 - Valkomitè til soknerådsvalet 2019 må vere på plass til Jul. Dette vert sak på neste soknerådsmøte.

Sak 73 - Frivilligprisen

Vedtak: Soknerådet held oppe sitt tidlegare vedtak og Aksel sender dette til prost.

Sak 74 – Giroinnsamlinga:

-Det er for tidleg å la innsamlinga gå spesifikt til orgelet. Giroinnsamlinga vil verte om lag som i fjor. Giroaksjonen vert i siste halvdel av november. Tekstilkomitèen utarbeider tekst på giroen.

Sak 75 – Vern av gravminne

-Sigurd vart vald som soknerådet sin kontaktperson.

Per Harald Gjerde
skrivar